

## Referat styremøte HSG 150310.

Tid og stad: 15.mars 2010, Eldhus Evanger.

Tilstades: Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Steinar Steine, Birgitta Vedøy, Turid Sundt (skrivar).

### Sakliste:

#### 1. Godkjenning av innkalling og referat frå styremøtet 190210

Innkalling er grei, men saklista vart presentert i møtet. Referatet frå førre møtet vart og presentert i møtet. Då det kom opp nokre spørsmål omkring arbeidsplan og budsjett, vil ein finne ut av dette og godkjenne referatet fyrst i neste styremøte.

#### 2. Orienteringssaker.

##### Årsmøte i Hordaland Bondelag.

Reidar Kallestad var HSG sin utsendte og orienterte frå årsmøtet.

##### Årsmøte HSG

Ved neste val må ein hugse på å presentere kandidatane som stiller til val. Styret ynskjer å oppmuntre til meir dialog/engasjement på neste årsmøte, og styret må difor samsnakke med ordstyrar i forkant. Det vil truleg vere ein fordel for representantane å få tilsendt ei meir utfyllande sakliste. Både arbeidsplan og budsjett bør vere klart i god tid før neste årsmøte.

#### 3. Representantskapsmøtet 17-18.3 NSG.

Steinar skal representere HSG.

Styret gjekk gjennom saklista og kom med innspel til HSG sitt syn i dei ulike sakene.

Sak9: HSG ser ingen problem med at ein sentralt nyttar renteavkastninga til viktige organisasjonsmessige oppgåver i 2010.

Sak10: Godtgjersle til tillitsvalde. HSG støttar forslaget til nye satsar.

Sak11: HSG meiner det er riktig å underbudsjettere med minus 200000kr for å få på plass fornyinga av internett, intranett og ekstrasnett. Kommunikasjon er viktig!

Sak12: Kontingent 2011. HSG er usikker på om det er riktig å auke overføringane til lokallaga. Mange lokallag er passive, men det kjem som regel ikkje som følgje av mangel på pengar. Vil auka overføring føre til større aktivitet? HSG er ikkje einig i å auke kontingenten med 100kr i 2011.

Sak14: Sekretærfunksjonen. Fordelen med sentral sekretær er nærare band mellom fylke og sentralt hald og overføring av kunnskap mellom fylkeslag. Spørsmålsteikn ved miljøperspektivet og mangelen på lokalkunnskap. HSG ser ingen problem med å prøve ut ordninga.

Sak15: Kommunikasjonsplanen. Spørsmål ved om det er naudsynt å lage til nytt diskusjonsforum. Koble seg til Lindholt? Mykje bra i planen! Viktig å fokusere på informasjonsflyt mellom dei ulike "nivåa" internt i NSG.

Det mangla sakspapir til dei andre sakene.

#### 4. Sekretærfunksjonen.

Reidar Kallestad orienterte om at Nortura Vest er villige til å stille med sekretær for HSG.

Nils Inge tek kontakt med Nortura og får meir detaljar omkring saka til neste møte.

### **5.Heimesida.**

HSG ynskjer at både sakliste og referat frå styremøta skal vere tilgjengeleg på fylkeslaget sine sider rimeleg raskt. Forhåpentlegvis vil dette kunne medføre til meir engasjement i lokallaga. Birgitta har fram til no hatt ansvaret med å leggje ut nyhende for HSG, og vil halde fram med dette.

Viktig at heimesida er oppdatert. Kanskje fleire i styret kan leggje ut på HSG sine sider? Heimesida må og innehalde oppdatert oversikt over medlemmene i styret, lokallagsleiarar og deira kontaktinformasjon. Når HSG sine nettsider er vorte meir oppe og går vil ein køyre ein aksjon for å gjere det meir kjent for å få opp aktivitetsnivået hjå brukarane.

### **6. Arbeidsplan.**

Styret gjekk gjennom arbeidsplanen. Kva oppgåver står for tur? Det vart ein diskusjon om ein skulle satse på fjelldagar eller jolebordtur. Kunne vore interessant å arrangere fjelldagar med radiobjøller som tema. Dette må opp på neste styremøte.

### **7. Plan over styremøte 2010.**

Neste møte vert i Eidsvåg ons 19.mai kl.12.

Evanger 15.mars 2010.

Turid Sundt